

---

Saksnr: 2021/6002-15  
Saksbehandlar Silje Balgaard Lyngstad  
Dato: 28.05.2021

---

---

**Til:** Fylkesutvalet og fylkestinget

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

## Presiseringar knytt til sak om busetjing av flyktningar i Vestland

Etter ein nærare gjennomgang av sak PS 188/21, har fylkesrådmannen komme til at fylkesutvalet ikkje har avgjerdsmynde i saka. Saka må difor vidare til fylkestinget for endeleg avgjerd.

Lov om integrering gjennom utdanning, opplæring og arbeid (integreringslova) som tok til å gjelde 01.01.2021, gjev *nye* arbeidsoppgåver til fylkeskommunen. Dette inneber at avgjerdsmynde etter denne lova ikkje er nærare regulert eller delegert i reglement for folkevalde organ og delegering.

Det føl av reglement for fylkestinget punkt 2 Oppgåver:

«Fylkestinget tek avgjerd i alle saker som ikkje ved lov, forskrift eller delegeringsvedtak er lagt til anna organ.»

Utgangspunktet er difor at fylkestinget tek avgjerd i slike saker frem til ansvar og mynde er delegert.

Fylkesutvalet har likevel mynde etter reglement for fylkesutvalet punkt 2.1.7 til å ta avgjerd «alle andre saker der avgjerdsmynde ikkje ligg til anna organ, og der saka ikkje er av *prinsipiell betydning* for fylkeskommunen si verksemd».

Når lovgjevar gjennom *ny* lov legg *nye* oppgåver til fylkeskommunen, er fylkesrådmannen av den oppfatning at saka er av prinsipiell betydning for den fylkeskommunale verksemda. Saka er difor satt opp til behandling i fylkestinget 16.-17. juni med innstilling frå fylkesutvalet.